



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Vinmonopolet
Postboks 6953 St. Olavs plass
0130 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/161-

7. februar 2024

Oppdragsbrev AS Vinmonopolet 2024

1. Informasjon om totalramma

Departementet viser til Prop. 1 S (2023-2024) for Helse- og omsorgsdepartementet, Innst. 5 S (2023 – 2024) frå finanskomiteen og Stortingets vedtak nr. 425 av 20. desember 2023. Rammevilkåra for AS Vinmonopolet for 2024 er følgjande (i 1000 kroner):

Kap. 5631 Aksjar i AS Vinmonopolet		
Post 85	Statens overskotsdel	79 500
Post 86	Utbytte	2
Sum		79 502

Kap. 5631 Aksjar i AS Vinmonopolet, post 85 Statens overskotsdel

Det visast til Prop. 1 S (2023 – 2024) for Helse- og omsorgsdepartementet, der det blir foreslått at staten sin del av driftsoverskotet blir fastsett til 50 pst. av resultatet i 2023 før ekstraordinære postar.

Staten sin del av AS Vinmonopolet sitt driftsoverskot er, på bakgrunn av budsjettert resultat i 2023 og ein del av overskotet på 50 pst., rekna til 79,5 mill. kroner for 2024. Prosentvedtaket gjeld framfor talvedtaket.

Staten sin overskotsdel skal innbetalast når rekneskapen for 2023 er framlagt våren 2024, seinast innan 30. juni 2024. Når innbetalinga er utført, ber vi om at AS Vinmonopolet i eit særskild brev orienterer Helse- og omsorgsdepartementet ved Folkehelseavdelinga om innbetalt sum og utrekningar. Det skal gå tydeleg fram av brevet kva kapittel og kva post innbetalinga knyter seg til. Helse- og omsorgsdepartementet kan etter skriftleg førespurnad

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 406

Avdeling
Folkehelseavdelinga

Saksbehandlar
Hege Christina
Bredesen
22 24 86 15

gi høve til å utsetje innbetalingstidspunktet for å avhjelpe selskapet sitt behov for likviditet og dermed redusere behovet for ekstern finansiering.

Kap. 5631 Aksjar i AS Vinmonopolet, post 86 utbytte

Utbyttet er i vinmonopollova fastsett til 5 pst. av aksjekapitalen på 50 000 kroner og utgjør 2500 kroner. Utbyttet blir innbetalt samtidig med staten sin overskotsdel. Helse- og omsorgsdepartementet skal informerast om innbetalinga i særskild brev. Det skal gå tydeleg fram av brevet kva kapittel og kva post innbetalinga knyter seg til.

2. Satsingsområde og hovudprioriteringar for 2024

AS Vinmonopolet som alkoholpolitisk verkemiddel

AS Vinmonopolet er eit av dei viktigaste alkoholpolitiske verkemidla for å sikre ansvarleg sal av alkohol. Verksemda til selskapet skal bestå i omsetning av alkoholhaldige varer over 4,7 volumprosent alkohol og alkoholfrie festdrikkar, jf. alkohollova § 3-1 og vinmonopollova § 3. Verksemda til selskapet skal til ei kvar tid vere i samsvar med vinmonopollova og alkohollova med tilhøyrande forskrifter. AS Vinmonopolet skal innrette verksemda si etter gjeldande alkoholpolitiske retningslinjer.

Selskapet skal gjere juridiske vurderingar av tiltak dei ønskjer å setje i verk og som kan utfordre rammevilkåra, særleg med tanke på reklameregelverket i alkohollova og regelen om verksemd i vinmonopollova § 3. I saker der det kan vere uvisse om korleis regelverket er å forstå, skal saka føreleggjast Helse- og omsorgsdepartementet skriftleg for avklaring.

Selskapet skal sørgje for at omsetninga av alkohol skjer i kontrollerte former. Gjennom ansvarleg sal og regulert tilgang skal AS Vinmonopolet medverke til å avgrense alkoholkonsumet og skadeverknadene av alkohol for den einskilde og for samfunnet. For å sikre framleis oppslutning og legitimitet i befolkninga skal AS Vinmonopolet, innanfor gjeldande rammevilkår, utvikle seg i takt med samfunnet sine forventingar og behov.

Utøving av AS Vinmonopolet sitt samfunnsoppdrag

Selskapet skal sikre ansvarleg sal. AS Vinmonopolet skal ikkje selje alkoholhaldig drikk til personar som ikkje oppfyller alderskrava i alkohollova eller er klart påverka av rusmiddel. AS Vinmonopolet skal forhindre at andre kjøper alkohol til personar som ikkje oppfyller alderskrava i alkohollova, såkalla langing. AS Vinmonopolet skal vere ein ansvarleg aktør i sosiale medium, og ikkje utfordre reklameforbodet i alkohollova.

Ivaretaking av likebehandlingsprinsippet

AS Vinmonopolet skal gi leverandørar og produsentar tilgang til marknaden på like vilkår i samsvar med forskrift om AS Vinmonopolets innkjøpsvirksomhet mv.. AS Vinmonopolet skal setje i verk interne tiltak for å auke medvitet om moglegheiter for norske og utanlandske produsentar til å få selt produkta sine gjennom Vinmonopolet.

Effektiv drift

Selskapet skal ha ein kapitalstruktur tilpassa selskapet sine mål, strategiar og risiko. Selskapet skal ha ei mest mogleg kostnadseffektiv drift. AS Vinmonopolet skal vidareføre arbeidet med kostnadseffektivisering av verksemda for å betre lønnssemda og soliditeten utan at dette kjem i konflikt med selskapet sitt samfunnsoppdrag, sentrale alkoholpolitiske målsetjingar, eller omsyna bedrifta må ta som servicebedrift og innanfor berekraftige rammer, ref. eigarskapsmeldinga.

Butikketableringar

Selskapet skal, i den grad det blir vurdert som nødvendig og formålstenleg, etablere ordinære utsal innan økonomisk forsvarlege rammer. Vidare utbygging av salsnettet må sjåast som ein heilskap og følgjande kriterium bør gjelde:

- AS Vinmonopolet skal ved avgjerder om butikketablering leggje vekt på å finne ein rimeleg balanse mellom økonomiske kriterium, monopolordninga sitt formål og så lik tilgang til selskapet sine tenester som mogleg.
- AS Vinmonopolet skal sørge for tilfredsstillande rutinar for handtering av interessene frå kommunane og for informasjon om etableringskriteria. Kommunane skal ha høve til å uttale seg om etablering av nye vinmonopolutsal i sin kommune. AS Vinmonopolet må derfor eigna måte informere kommunane om kva kriterium som blir lagde til grunn for butikketableringar.
- Netthandel mv.: AS Vinmonopolet skal, innanfor gjeldande regelverk, sikre kundane god og lik tilgang til Vinmonopolets produkt og tenester gjennom høve for handel både via telefon og nett.

Eigarskapsmeldinga

Det visast til Meld. St. 6 (2022 – 2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap*. AS Vinmonopolet forventast å setje seg inn i meldinga og arbeid for å oppfylle staten sine forventingar til statleg eigde selskap.

Berekraft og ansvarleg verksemd

AS Vinmonopolet skal implementere berekraft i arbeidet sitt på ein heilskapleg måte tilpassa selskapet sin eigenart. Selskapet skal integrere sosiale og miljømessige omsyn i verksemda si og i strategiane sine. Selskapet skal ha retningslinjer for å forhindre og handtere korrupsjon. Det er forventa at staten sine forventingar til statleg eigde selskap slik dei blir omtala i eigarskapsmeldinga, ligg til grunn for selskapet sitt arbeid med berekraft og ansvarleg verksemd.

Heiltidskultur og arbeidsrelaterte forhold

AS Vinmonopolet skal arbeide for å fremme ein heiltidskultur i selskapet. Selskapet er forventa å arbeide for at fleire får faste heile stillingar. Alle tilsetjingar i mindre enn 100 pst. stilling skal ha skriftleg grunngjeving.

AS Vinmonopolet skal aktivt følge opp HMS, medrekna sjukefråvær, rus og arbeidsliv, personar med nedsett funksjonsevne, minoritetar, likestilling, yrkesaktivitet etter femti år og lærlingar.

Leiarlønn

Det blir vist til Meld. St. 6 (2022 – 2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap*, og staten sine forventingar til lønn og godtgjersle slik dei blir omtala her og i *Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med direkte statlig eierandel* fastsette av Nærings- og fiskeridepartementet 12. desember 2022.

Styret

Styret skal utarbeide ein plan for eige arbeid og arbeide aktivt med kompetanseutvikling. Styret skal årleg evaluere eige arbeid. Eit overordna samandrag av styreevalueringa skal sendast Helse- og omsorgsdepartementet etter avslutta evaluering. Styret er ansvarleg for å vurdere om nivået på godtgjersla til leiande tilsette er i tråd med forventingane frå staten. Rapportering av leiarlønn skal vere i tråd med staten sine forventingar.

Krise-, katastrofe- og krigssituasjonar

AS Vinmonopolet skal kunne handtere krise-, katastrofe- og krigssituasjonar med basis i eigen organisasjon og det ansvar og dei ressursar den har til rådvelde. Det blir føresett at selskapet har gode rutinar og ein klar rolletanke overfor departementet, andre verksemder innanfor den sentrale mat-, helse- og sosialforvaltninga, den utøvande helse- og sosialtenesta og andre sektorar, i dei situasjonane som kan oppstå.

Internkontroll

AS Vinmonopolet skal ha dokumentert internkontroll tilpassa risiko og vesentlegheit. Risikofaktorar som kan medverke til at verksemda ikkje når måla skal identifiserast og korrigerande tiltak innanfor gjeldande rammer skal skildrast og setjast i verk. Selskapet skal ha rutinar for å sikre at praksis er i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Elles blir det vist til forventingar i eigarskapsmeldinga.

3. Rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet

Årsrapport

Årsrapporten med årsmelding, årsrekneskap og tilhøyrande noteopplysingar skal gi heilskapleg informasjon om selskapet. Forhold som nemnt i dette oppdragsbrevet, medrekna forventingar som omtala i staten si eigarskapsmelding, blir føresett å vere omtala i årsrapporten. Årsrapporten med årsmelding og årsrekneskap skal sendast elektronisk til postmottak@hod.dep.no.

Kvartalsrapport

Selskapet skal sende kvartalsrapportar til Helse- og omsorgsdepartementet før dei kvartalsvise kontaktmøta. Kvartalsrapporten skal innehalde:

- Status for økonomi og salsutvikling medrekna
 - Hovudtal for siste kvartal
 - Salsutvikling totalt og fordelt på fylke, inkludert informasjon om rørsla i og forholdet mellom ulike produktgrupper
- Status for samfunnsoppdraget medrekna:
 - Resultat av alderskontroll og ansvarleg sal
 - Utvikling i omsetning målt i volum og i liter rein alkohol fordelt på typar alkoholhaldig drikk og ulike hovudvaregrupper
 - Utvikling i den høvelege fordelinga til omsetninga mellom dei ulike typane alkoholhaldig drikk og hovudvaregruppene målt i volum og i liter rein alkohol
- Aktuelle berekraftrelaterte saker

Helse- og omsorgsdepartementet kan be om særleg rapportering utover dette.

Særskild rapportering

Fare for budsjettoverskriding, inntektssvikt eller andre situasjonar som krev Helse- og omsorgsdepartementet si merksemd, eventuelt at Stortinget må orienterast, skal det rapporterast umiddelbart og særskild om. AS Vinmonopolet skal kome med forslag til tiltak som bør i verksetjast for å rette opp slike situasjonar. Helse- og omsorgsdepartementet skal informerast om saker som vil kunne ha alkoholpolitisk relevans.

Budsjett for 2024, rapportering, styreprotokollar m.m.

Årsbudsjett for 2024 blir sendt til Helse- og omsorgsdepartementet når det er behandla i styret, jf. instruks for AS Vinmonopolets styre. Rapportering i samsvar med punkt 3 skal sendast elektronisk til postmottak@hod.dep.no og merkast med høvesvis «årsrapport/årsmelding 2023» eller «kvartalsrapportering 2024». Kopi av innkalling til styremøte og protokoll frå styremøte sendast departementet i samsvar med instruks for AS Vinmonopolets styre.

Med helsing

Line Vold (e.f.)
ekspedisjonssjef

Hege Christina Bredesen
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen

